



Diverse landbruksinformasjon frå kommunen februar 2026

PT – Produksjonstilskot og avløysartilskot, del 1

**15
mar**

Søknadsfrist - del 1 av søknaden

15. mars - Søknad kan leveres fra 1. mars (telledato)

Del 1 av produksjonstilskot- og avløysartilskotssøknaden **for dei med husdyr. Søknadsfristen er 15.mars, teljedato 1.mars.**

Direktelenke til: [Søknadsskjema om tilskot til Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.](#)

[Søkerettleiinga til Produksjonstilskot og avløsertilskot](#), forklarar korleis du fyller ut søknad om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Den går kronologisk gjennom søknaden. Det er lurt å i alle fall lese på det du skal søke på, slik at du er sikker på kva krav som er stilt.

Det er lurt å både rekne dyra manuelt, sjå over dyretalsopplysningane per 1. mars i kukontrollen/storfekjøttkontrollen/sauekontrollen og/eller [husdyrregisteret](#) (som landbruksforvaltninga har innsyn i ved saksbehandling) før du sender inn søknaden.

Hugs at (også) denne ordninga er tillitsbasert. Feilopplysningar (for eksempel dyretal) som blir oppdaga under kontroll eller vanleg saksbehandling skal [som hovudregel avkortes/trekkes eit beløp tilsvarande meirutbetalinga](#). Kontrollar og saksbehandling fører kvart år til trekk for fleire søkarar pga. feilopplysningar, det hadde vore fint for alle å sluppe dette.

Les meir på [heimesida vår](#).

Søk gjerne i god tid før den 15. Treng du hjelp, ta kontakt med Elin.



Postadresse

Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL

E-post

post@surnadal.kommune.no

Besøksadresse

Bårdshaugvegen 1

<https://www.surnadal.kommune.no>

Telefon

+47 71 65 58 00

Org.nr

964 981 892

Bank

4202 38 40000

SMIL (Spesielle miljøtiltak i jordbruket) -midlar

Søknadsfrist 15.mars

Formålet er å fremje natur- og kulturminneverdier i kulturlandskapet samt redusere ureining frå jordbruket, utanom det ein kan vente gjennom vanleg landbruksdrift.

[Lokale retningslinjer for 2023-2026.](#)

Potten for heile Møre og Romsdal i 2026 er på kr 9 500 000 kr. Surnadal har som fått løyve på 660 000 kr av den potten.

Les meir om SMIL og finn dei lokale retningslinjene på [heimesida vår](#).

Tilskot til drenering/grøfting av jordbruksjord

Søknadsfrist 15.mars.

Føretak som eig eller leiger jordbruksareal som tidligare er grøfta, kan søkje om tilskot til drenering. Det kan også gis tilskot til eigar av jordbruksareal som leigast ut. For planerte areal kan det i tillegg gis tilskot til areal som ikkje tidlegare er grøfta.

Tilskot til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer 4000 kr per dekar. Ved anna grøfting kan det gjevast 61 kr per løpemeteter grøft avgrensa opp til 4000 kr per dekar.

Potten for denne ordninga for heile Møre og Romsdal er i 2026 på 9 714 939 kr (etter ekstratildeling). Surnadal har fått løyve på 600 000.

Les meir på [heimesida til kommunen](#).



Landbruksfond

Søknadsfrist 15.mars.

Landbruksfondet består av kr. 500.000,- som er avsett frå det kommunale næringsfondet. Der kr 150.000,- blir avsett skogbrukstiltak. Om skogmidlane ikkje blir bruka opp i løpet av året, kan dei fordelast på andre landbrukstiltak.

Målet med bruken av desse midlane:

- Styrke og oppretthalde utvikling og verdiskaping i jordbruk og skogbruk.
- Stimulere til nyetableringar/nye næringar med utgangspunkt i landbruket sine ressursar.
- Motivere ungdom til å satse på eit yrke i landbruket.
- Tilskotet bør ha ein utløysande effekt på tiltaket.

Les meir på [heimesida til kommunen](#).

Tilskot til tiltak i beiteområde

Søknadsfristen er frå i år 15. mars.

Målet med tilskotet er å legge til rette for best muleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda. Les meir om ordninga og finn lenke til søknadsskjema på [heimesida til kommunen](#).

Potten for denne ordninga for heile Møre og Romsdal er i 2025 på 2 650 000 kr. Surnadal har fått løyve på 200 000 kr.



Tilskot ved produksjonssvikt

Søknadsfrist 31.oktober, men skal [meldast kommunen](#) via Altinn så snart skaden har oppstått.



Meldefrist

Melding om at skade har oppstått eller vil kunne oppstå, skal gis kommunen så snart som mulig.

**31
okt**

Søknadsfrist:

31. oktober det året avlingssvikten oppstod

- Berre skadar som skriv seg frå klimatiske forhold, kan gis tilskot for.
- Avlinga i skadeåret må vere mindre enn 70 prosent av gjennomsnittsavlinga for vekstgruppa for å utløyse grunnlaget for tilskot. Det vil seie at det er ein eigen risiko på 30 prosent.
- Produksjonssvikten må ha ein klimatisk årsak det ikkje er mogleg å sikre seg mot.

Les meir på [heimesida](#) til kommunen.

Søk støtte frå bærekraftsfondet

Er du medlem i [Bondelaget](#) og kunde i [Gjensidige](#), så kan du søke støtte for å gjennomføre både individuelle (Søknad sendes etter at tiltaket er gjennomført og seinast 3 månadar etter gjennomføring)- og kollektive tiltak ([Søknadsfrist 15. mars](#) og 15. oktober):

TILTAK DU KAN FÅ STØTTE TIL

Oppgradering av utringerfunksjonen i brannalarmanlegget

Støtte til plastpresse

Kurs i dyrevelferd eller dyrehelse

Støtte til nødaggregat

Miljøberikelser for dyrene

Dette kan du søke om støtte til

- Klimasmart landbruk eller god ressursutnyttelse i tråd med **Landbrukets klimaplan**
- God dyrevelferd og dyrehelse
- Skadeforebyggende tiltak eller tiltak for å redusere skadeomfang ved for eksempel brann, naturskade, materielle skader eller lignende.

Gjødselbruksforskrifta (Forskrift om lagring og bruk av gjødsel)

I fjor kom den nye gjødselbruksforskrifta og gjødselvarerforskrifta, som erstatta forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav.

Dei nye reglane blir teke inn over tid:

Vestland	Frå 2025	2026	2027	2028	2029	2030	...	2033 →
Spreietidspunkt	15. sept utan nedmolding 1. nov med nedmolding 15. februar		15. september uansett (føretak med overgangstid: 1. nov med nedmolding) 1. mars Hausting etter siste spreing		15. september uansett 1. Mars Hausting etter siste spreing			
Fosforgrense	3,5 kg P/daa		2,8 kg P/daa			2,5 kg P/daa		2,3 kg P/daa
Husdyrgjødsel på innmarksbeite	Søknadspliktig Godkjenningar gitt før 1. feb 2025 gjeld framleis							
Mineralgjødsel på innmarksbeite	Tillate så lenge du har gjødslingsplan frå 2022 eller 2023 som viser at det blei brukt mineralgjødsel før 1. feb 2025			Søknadspliktig				
Gjødslingsplan	Som før Gamle fritak ok	Krav etter ny forskrift § 26: Nye krav til kven som skal ha gjødslingsplan, Truleg ikkje høve til fritak						
Gjødslingsjournal inkl. oversikt over motteke gjødsel meir enn 75 kg P	Ikkje krav	Krav etter ny forskrift § 27: Alle skal føre journal, og dei som ikkje har krav om gjødslingsplan						
Innrapportering ved bortskaffing av gjødsel meir enn 75 kg P	Kravet gjeld frå det tidspunktet som Landbruksdirektoratet bestemmer							
Jordprøver	Jordprøver tatt før 2025 er godkjent, så lenge dei er kartfesta og gir info om jordart, pH, P-Al og moldinnhald					Uttak og analyse av jordprøver skal følge krav i § 29		
Innrapportering av jordanalyseresultat	Kravet gjeld frå det tidspunktet som Landbruksdirektoratet bestemmer							
Bruk av gjødselvarer med avløpsslam						Ikkje tillate dersom P-Al >= 14 Maks 25 kg P/daa i tiårsperiode		

(Vestland har like reglar som Møre & Romsdal)

- Gjødseljournal er nytt krav frå i år Det gjeld også dei som gjødslar små areal, med lite gjødsel eller dei som ikkje har krav om gjødslingsplan!
- Dokumentasjon på mottak/levering (>75 kg fosfor)
- Det søknadspliktig (som i fjor) å kunne bruke husdyrgjødsel på innmarksbeite . Det gjeld også for mineralgjødsel om det ikkje har vore med i gjødselplana tidlegare.
- Tidlegare vedtak om fritak frå krav til gjødslingsplan eller løyve til å ha fleirårig gjødslingsplan er oppheva frå 1. januar 2026, når forskrift om gjødslingsplanlegging er oppheva.
- Alle som gjødslar meir enn 25 daa per år, skal ha gjødslingsplan. Dyrkar du potet eller grønsaker med sterkare fosforgjødsling enn dei generelle grensene, må du ha gjødslingsplan om arealet er større enn 5 dekar. Hugs at gjødslingsplanen er eittårig. Planen skal vere klar før vekstsesongen tek til.

Les meir på [heimesida](#) til kommunen, hos [NLR \(Norsk landbruksrådgiving\)](#) og hos [landbruksdirektoratet](#).

Denne e-posten går i hovudsak til dei som søker PT-tilskot. Har du partner eller kjenner andre som ønsker å få informasjon e-posten frå kommunen er det berre å ta kontakt, så legg vi dei til på lista.

Vi på Areal- og naturforvaltning som arbeider med skogbruk og jordbruk har følgjande telefonnummer og e-post:

Tore Gjøl	91 30 33 88	tore.gjul@surnadal.kommune.no
Mona Rosvold	91 67 60 17	mona.rosvold@surnadal.kommune.no
Elin Moen Lysø	95 25 93 60	elin.moen.lyso@surnadal.kommune.no

Landbruket i Surnadal på [heimesida til kommunen](#)

[Landbrukskontoret på Facebook](#)

Der deler vi jamt ulike landbrukssaker som kan vera av interesse og nytte. Så følg oss gjerne der og inviter gjerne andre som kan ha nytte av å følgje sida vår.

